

17.mai arrangementet på Hafslo 2022



Styret:

Styret skal bestå av: leiar, sekretær og kasserar. På styremøtet møter også dei tre gruppeleiarane.

Leiar:

- Har det overordna ansvaret for heile arrangementet.
- Må veljast på første møte - felles foreldremøte.

Sekretær:

- Må veljast på første møte - felles foreldremøte.
- Skriv referat frå møter.
- Har ansvar for innkalling til styremøter.
- Har ansvar for innkalling til dugnad 16.mai og lage vaktliste/arbeidsplan for 17.mai. Dette kan og delegerast til gruppeleiarane.
- Alle foreldre må delast inn i grupper på det felles foreldremøtet. Gruppene har eigne møter som gruppeleiar kallar inn til. Styret har det overordna ansvaret.

Kasserar:

- Må veljast på første møte - felles foreldremøte.
- Sidan 8.klasse har ansvar for å halde oversikt over alle utgifter/inntekter i samband med 17.mai arrangementet bør kasserar vere den som har tilgang til klassekontoen.
- Skal ta imot alle rekningar og ha oversikt over økonomien.
- Oversikt over bruk av eventuelle matbongar. Korpset fekk kvar sin matbong på ei brus og ei pølse. Det vart spona av Hans Nes bygg.
- Tinga vekslepeng til matsalet, dette må tingast seinast ei veke før. Tingar ein i god tid kan ein og låne kortterminal. Vi tinga kr.13.000,- Vi hadde lite 20 arar, så det bør vere meir av i til neste år.
- Vi nytta og Vipps som betalingsmåte på klassen sitt Vipps nummer. Vi oppretta og ein "barnevipps" på grunn av at mange unge nyttar vipps, men har ikkje tilgang til å vippsse organisasjonar, dette må difor vere eit privat nummer. Dette fungerte veldig bra.
- Tinga gâvesjekk til beste klasse hjå Luster Sparebank og evt. Gjestetalar. Dette må gjerast i god tid. Vi tinga kun for beste klasse kr.500,-
- Skal føre rekneskap for heile arrangementet.
- Få annonsa til Sogn Avis spona av ei lokal bedrift (NTP spona i år). Merk at neste år må ein søke i god tid gjennom NTP sitt gâvefond om ein ynskjer sponsing derifrå.

Første møte:

Vi hadde første møtet 9/3-22. Dette er eit møte for heile foreldre-/føresette gruppa. **Klassekontaktane har ansvaret for å kalle inn til dette møtet.**

Sakslista for møtet bør inneholde følgjande punkt:

- Val av styret
- Val av leiar for dei ulike gruppene:
 - Matgruppa
 - Programgruppa
 - Pyntegruppa
- Fordeling av alle foreldre/føresette i dei ulike gruppene.
- Registrering av riktig e-post adresse til alle foreldre.
- Klassekontaktane sitt referat frå første møtet vert lagt i kullet sitt Facebook gruppe. I kull 2008 er alle foreldre med i Facebook gruppa så vi nytta mest den til formidling av informasjon.
- Viktig at det blir presisert at alle elevar og foreldre møter til dugnad 16 og 17.mai.
- Viktig å få avklart på første møte om foreldre og elevar frå t.d Veitastrand og Solvorn stiller på sjølve dagen på 17.mai.

Dei tre arbeidsgruppene:

Gruppeleiarane tek ansvar for å kalle inn sine medlemmar til arbeidsmøter vidare. Det er viktig at arbeidsgruppene v/gruppeleiar skaffar seg oversikt over kva ansvar dei ulike gruppene har. Nedanfor er oppgåvene til dei tre gruppene skissert. Gruppeleiar for dei ulike gruppene rapporterar fortløpane til styret. Styret og gruppeleiarane nytta for kull 2008 ei Messenger gruppe til dette.

Programgruppa:

- Alt pynteutstyr , flagg, selar og talarstol står nede på lageret i gangen ved naturfagsrommet.
- Rekruttere nokon til å skyte salutt. (Vi rekrutterte Bjørn Kalhagen til dette. Han skaut ni salver i salutten frå Tangsmarki kl.08.00, og trong ein 8.klasseforelder til å hjelpe seg. Kalhagen fekk betalt 1.000,- For utlegg og oppdrag.
- Finne møteleiar for dagen. (Gruppeleiar i Programgruppa tok på seg dette i 2022.)
- Finne talar for dagen. (Vi fekk Senea Sabanovic til dette i 2022.)
- Avklare deltaking frå Hafslo Songlag, Hafslo musikkorps og evt. Drilljenter. Ta tidleg kontakt for å få avklart kva rammer dei ulike har for dagen.
- Kontakte omsorgsenteret og gjere avtale om arrangement inne for bebuarane.
- Utarbeide program for dagen, både knytt til toget og i/ved samfunnshuset. Programmet avklarast i samråd med styret.
- Utarbeide annonse til Sogn Avis, (me fekk dekk mesteparten av annonsa av Sogn Avis),i tillegg til å henge opp på ulike stadar på Hafslo.(Spar/YX/Esso). I tillegg vart programmet delt ut i alle husstandar på Hafslo (av elevane).
- Rekruttere nokon for å ta ansvar for lyd. Norill Therese Norheim og gruppeleiar i Programgruppa hadde ansvaret både for lyd i samfunnsalen og ved kyrkja.
- Rekruttere nokon til å bere flaggborga. 10.klasse gjorde dette i 2022.
- Ordne krans/bukettar til minnemarkering ved bautaen og blomster som ein ynskjer å dele ut.
- Peike ut dommar til kåring av beste klasse. Informasjon må distribueraast ut til klassekontaktane (vedlegg1). Vi hadde ein gåvesjekk frå Luster Sparebank på kr.500,- og ein invitasjon som gjekk ut til alle klassane .

- Ha nokre representantar frå Programgruppa til å ta imot og organisere korleistoget skal stå når det kjem ut til kyrkja og korleis det skal stillast opp på nytt når ein skal innatt til sentrum etter det sermionelle er gjennomført ved kyrkja.
- Organisere leikar/aktivitetar ved samfunnshuset:
 - Vi hadde ulike stasjonar (sjå oversikt lenger ned), der vi nytta ting frå skulen.
 - I 2022 hadde vi ingen avslutningskonkurranse.
- Ingen gudsteneste i 2022. Toget hadde oppstilling ved omsorgsenteret og gjekk derifrå ut i kyrkja. Ved kyrkja stod skuleklassane og barnehagane samla medan minnemarkeringa ved bautaen vart halde. Etter dette gjekk flaggborg og korps fram i vegen att, og toget gjekk inn att til sentrum og ned til samfunnshuset.
- Må ha mikrofonar viss Songlaget skal synge. Bør ha bedre lyd enn i år.

Her er programmet for arrangementet for 2022 (ein glipp i årets program vart at songlaget ikkje kom med i rekkefølga):

17. mai 2022 på Hafslo

Program for dagen



08:00 Salutt frå Tangsmarki

11:00 Program inne på Hafslo omsorgssenter
v/ 1. klasse og Hafslo songlag

11:15 Toget stiller opp utanfor Hafslo omsorgssenter.
Rekkjefølgje i toget: Flaggborg
Korpset
1-7.klasse HBUS
Gamlestova barnehage
Hafslo barnehage
lag/organisasjonar
Folketog

11:30 Toget går frå Hafslo omsorgssenter mot kyrkja

12:00 Program ved bautaen på kyrkjegarden
Allsong, diktlesing, kransnedlegging
og helsing frå sokneprest Bård Valle

12:20 Toget går vidare til skulen

13:00 Program ved skulen
Korpset spelar
Song ved Hafslo songlag
Fellessong
Tale for dagen v/ Senea Sabanovic

På skulen: Sal av mat
Leikar
Korpset sitt lynlotteri og lykkehjul

Matgruppa - oppgåver:

- Matgruppa hadde eit møte før 17.mai. På møtet fordelte gruppa oppgåvene. Gruppa nytta ei Messenger gruppe som vart nytta til utveksling av informasjon om ting som skulle sjekkast opp i. Sekretær satte opp bakeliste og vaktliste. Bakelista vart satt opp etter kva foreldra ville bake. Det vart lagt inn eit innlegg på klassen si Facebook gruppe der alle foreldre kunne sei kva dei ville bake. Gruppa laga plakatar og prislister. Viktigt med bilde til plakatanne for dei minste som ikkje kan lese.
- Vi inngjekk avtale om å kjøpe og hente varm graut og plommesuppe i Gaupne. Kontaktperson var Svein Tore Heltne, Gaupne Omsorgsenter. Me kjøpte inn graut og plommesuppe for kr.5060,-
- Me henta graut og suppe kl.11.00 og kom att i passe tid før toget. Vi hadde god tid til å ause opp graut og bli klar til salg kl.12-12.30.
- Nortura sponsa arrangementet med spekemat.
- Lerum sponsa saft of saftbeholdarar.
- Avtale låning og henting av utstyr i Moane. Pyntegruppa ordna partytelt for kiosksalg ute.
- Prioriter å holde både is og brus kaldt. Ved fint ver går det mykje av dette.
- Grautkonteinrar er Erna Hamrum sine, lånte tre frå Gamelstova og nokre frå skulen.
- Løyvde 180 kokte pølse, som dei fekk på skulen.
- Løyvde 36 kg kilo rømmegraut. (bestilte som 2019). Solgte mindre graut i år grunna fint ver.
- Løyvde 18 liter plommesuppe.
- Kan redusere både graut og suppe i 2023.
- For lite graut i tallerken i år, må vere meir per porsjon i 2023.
- Serveringbrett er lurt å ha til grauten. (Høyr med omsorgsenteret)
- I år hadde vi Fjordland sin laktosefrie graut som alternativ til dei med cøliaki og laktose/mjolk.

Dugnadsarbeid 16.mai:

- Hente spekemat som avtala
- Pakke spekemat og flatbrød
- Sette fram muggar, plastcontainerar, kaffitraktarar, panner, pøseklyper og auser.
- Pølsene bør berast i containerar frå kjøkkenet til kiosken, då slepp ein å varme nytt pølsevatn heile tida.
- Laga klar salstasjonane og heng opp plakatar med prislister og Vipps nummer.

Arbeid 17.mai

- Matgruppa møtte kl.10.30. Tok fortløpane imot kaker og kaffikanner.
- Starta trekking av pølser og kaffi.
- To personar reiste til Gaupne og henta graut og suppe.

Innkjøpsliste:

Gaupne omsorgsenter:

80 L rømmegraut

40 L Plommesuppe

Vi henta det ferdig oppvarma i Gaupne, faktura på litt over kr.5000,-

Nortura:

Birkebeiner
Fenalår
Sognemorr
Vi fekk alt sponsa.

Lerum:

20 L saft (sponsa)
Saftdunkane fekk me sponsa av Lerum, står på lageret.

Spar Hafslo:

Alt som blei henta ut frå spar som ikkje var opna fekk me levere i retur.

COCA-COLA 0,5L FL	192		
FANTA APPELSIN 0,5L FL	72		
FANTA EXOTIC 0,5L FL	72	PEPSI MAX 0,5L FL	168
URGE 0,5L FL	72	FARRIS NATURELL 0,5L FL	48
PØLSEBRØD GLUTENFRIE 260G HATTING	1	IMSDAL 0,5L RINGNES	24
PAPPBEGER 17,5CL 30STK FIRST PRICE	40	KANEL MALT 84G BX HINDU	3
ENGANGSSKJEER TREBESTIKK 20STK UNIK	20	FARIN 1KG ELDORADO	3
WIENERPØLSE 520G GILDE	10	AVFALLSSEKKER 100L UNIK	4
GRILLPØLSE 600G GILDE	40	SERV.BUFFET HVIT 75STK FIRST PRICE	10
KAFFEFLØTE 10% 3DL TINE	2	PAPPTALLERKEN DYP 19,5CM	23
FLATBRØD MORS HJEMMEBAKTE 520G	5	SAFTIS 16STK FIRST PRICE	23
TOMATKETCHUP 530G IDUN	5	SJOKO VANILJEIS 16STK FIRST PRICE	24
PØLSESENNEP ORIGINAL 490G IDUN	2	PLASTFILM PE 29CMX100M UNIK	3
GRILLPØLSER KYLLING/KALKUN 600G PRIOR	4	LOMPER 10STK FIRST PRICE	16
EVERGOOD CLASSIC FILTERMALT 6X250G	3		
ALI FILTER NR.4 200STK	1	Sum kvitteringsnr: 28479	
KRONE-IS VEGANSK JORDBÆR 4STK HEO	2		
BÅTIS MULTIPACK 5STK HENNIG OLSEN	15	FRISKIS MULTIPACK 10STK HENNIG OLSEN	16
SANDWICH 12PK HENNIG OLSEN	10	KRONE-IS JORDBÆR MULTIPACK 12STK HEN	5
KRONE-IS JORDBÆR MULTIPACK 12STK HEN	13	KRONE-IS SJOKOLADE MULTIPACK 12STK HE	5
KRONE-IS SJOKOLADE MULTIPACK 12STK HE	13	Sum kvitteringsnr: 216803	
PØLSEBRØD 8STK 256G FIRST PRICE	48		
SOLO 0,5L FL	48	FLATBRØD MORS HJEMMEBAKTE 520G	2

Pyntegruppa oppgåver:

15.mai bør 5-6 personar gjere noko forarbeid. Fordel med lastebil. Det gjeld henting av utstyr som skal lånast. Vi henta rastebord i Moane, Heggmyrane og frå Skyttarhuset. Ein del av desse borda er i dårleg stand. I tillegg henta vi 2 frysediskar, pølsekokar, bossbøtter og pengeskrin i Moane. Dette må avtaast på forhånd. Det er ikkje nok pengeskrin i Moane, så ein bør få lånt andre plassar og, evt kjøpe på Biltema.

16.mai møtte alle foreldre og elevar ved 8.klasse ved samfunnshuset kl.17.00.

- Vi nytta ikkje scene då det var meldt fint ver så arrangementet ved skulen vart hold på utsida av samfunnsbygget.
- Sette fram noko som kan nyttast til talarsto, me lånte ein frå eit klasserom.
- Vi brukte ikkje amfiet, men satte langbord som synt på bilete under.
- Vi lånte bygdalaget sitt telt (må ha veggane nede på to sider ved sol).

- Vi nytta i tillegg 5 bord til grautsal og 5 bord til kakesal inne. I tillegg 7 bord til kioskalet ute, der 3 av dei var anretningsbord.
- Vi hadde ein hengar bakom teltet til kiosken med varene, det fungerte veldig bra.
- Ver obs vermelding.
- Må hente inn kjøleskap og fryseskap 15.mai, må settast på kjøling og sjekkast 16.mai.
- Lånte FS Anlegg sine markeringskilt til kiosken ute.

Oppsett inne:





Oppsett kiosk ute:



Oppsett stolar ute:



- Vi tok i bruk bord frå naturfagrommet, musikkrommet, kantina i tillegg til alt som sto på lager i gymsalen.
- Sette opp Partytelt ute.
- Brukte alle plaststolane som står på lageret.
- Til pynting av bord inne kjøpte vi inn 40 stk stemorsblomar, sølvpapir og serviettar.
- Hogge bjørkelauv til pynting ved samfunnsalen og ved kyrkja.
- Pynting og sperring ved kyrkja. Pynta portstolpane nede ved bautaen med lauv og flagg. Sperra av kyrkjeplassen med sperreband tidleg om morgonen 17.mai slik at ingen stod parkert der.
- Pynta stolpane ved samfunns huset med mjølkespann (lånte mjølkespann i foreldregruppa). To på nedsida og to på oppsida av bygget.
- Sette ut bosspann.
- Transport av alle klassefaner frå skulen til sjukeheimen.
- Sette opp bukken som skal brukast til putekrig.
- Sperre av område på parkeringsplassen ved kunstgrasbana slik at toget har fri bane når det kjem.

Styret sine oppgåver:

- Sende ut felles informasjon til foreldre i forkant av arrangement.
- Ansvar for å koordinere arrangement etter rapportar frå gruppene.
- Kalle inn og skrive referat etter møta.
- Inngå avtalar med Spar, lån av utstyr med idrettslaget, skyttarlaget, røde kors og avtale underhaldning. Dette bør delegerast til dei aktuelle arbeidsgruppene.
- Avtale med skulen og ordne nøklar.
- Kopiert opp program til utlevering i postkassar på Hafslo i forkant.Vi trykte kopierte opp 400, det var for lite, så vi måtte kopiere opp meir.

- Avklare møtedatoar i styret. Evalueringsmøtet bør vere innan 2-4 veker. Rekneskapet bør vere klart til møtet. Ferdig rapport skal sendast til skulen.

Styret hadde i alt 3 møter (mars, april og mai).

Dei tre arbeidsgruppene hadde eigne møter i tillegg.

Avslutta med evalueringsmøte 30.mai. På evalueringsmøtet byrja me og planlegging av fiskefestivalen ved å dele inn i grupper.

Evaluering 2022:

- Rekneskap vert lagt ut på Facebooksida.
- Lista over roder og postkasar stemte ikkje i år, denne bør lagast ny til neste år.
- Bør vere meir kaker enn bollar på bakelista.
- Kan vere felles ryddevakt i stadenfor 1 inne og 1 ute. Har ein nok bossbøtter treng ein ikkje meir folk til å rydde.
- Det bør vere to voksne som har ansvaret for pølsar i kiosken, elevane styret salget.
- Pantebøtter må vere godt merka med pantelapp.
- Ein elev bør stå ved isdisken og levere is til dei som sel.
- Ved fint ver som i år bør ein rekne 7 elevar + 2 vaksne i kiosken, 4 på salg, 1 til å hente is, 2 vaksne ved pølsene.
- Bør ha meir enn tre pølseholdarar til kiosken, det var for lite i år. Hugs å kjøp mellomlegspapir og servietter.
- På aktivitetar bør det vere premie på alle stasjonar, ikkje berre ein.
- Kull 2008 hadde knapt med folk, det gjekk ut over aktivitetane. Hadde stort sett berre putekrig på bommen.
- Til neste år kan ein evt. Lage natursti for dei små evt inngå samarbeid med 4H.
- Veldig velukka med korpset sitt lynlotteri og stand.
- Bør ha aktivitetar som er enkle å administrere
- Bør vere ein krakk på putekrig stasjon, slik at dei ansvarlege slepp å løfte opp og to nye puter.
- Held med 4 bord i front av kiosken.
- Mange saknar gudstenester,vi hadde prest ved minnemarkeringa ved bautaeen.Ord for dagen bør vere ved kyrkja.

Vedlegg 1:

Til klassekontaktane i 1-7 klasse!

I år er det 8.klasse (kull 2008) som har ansvaret for 17.mai arrangementet på Hafslo.

For å få eit flottast mogleg arrangement treng me hjelp frå dykk.

17.mai komitéen syter for at alle faner vert frakta til omsorgssenteret 16.mai.

Me ber dykk som klassekontaktar ta ansvaret for:

- Å få stilt opp klassen i toget
- Skaffe ein vaksen som går saman med klassen for å halde passeleg avstand og tempo
- At det er nok vaksne ilag med klassen i toget
- At elevane vekslar på å bere fana
- At elevane går fint, syng og kjem med hurrarop

Me deler ut ein premie for beste klasse i toget.

17.mai komitéen vurderar toget undervegs etter dei kriteria som de finn på eige skriv til klassane på 1-7.trinn.

Program (merk dykk klokkeslett og oppmøtestad):

Kl.10.45: 1.klasse møter inne på Hafslo Omsorgssenter og syng.

Kl.11.00: Dei andre skuleklassane, barnehagane, lag og folketog :

- Oppmøte Hafslo Omsorgssenter

Kl.11.15: Oppstilling av toget ved Hafslo Omsorgssenter

Kl.11.30: Toget går frå Hafslo Omsorgssenter

Kl.12.00: Toget kjem til Hafslo Kyrkje. Klassane stiller seg opp i rekkefølge på parkeringsplassen og vert ståande under minnemarkeringa ved bautaen v/Svein Solheim.

Alle syng første vers av "Ja, vi elsker" før og siste vers etter talen.

Kl.12.20 Toget går frå kyrkja

Kl.12.40 Toget kjem til skuleplassen

Kl.13.00 Programmet byrjar Tale for dagen v/Senea Sabanovic

Rekkefølga i toget vert slik:

Flaggborg

Korpset

1-7 klasse Hafslo B.&U. skule

Gamlestova Barnehage

Hafslo Barnehage

Lag/organisasjonar

Folketog

Takk for hjelpa!

Beste helsing , 8-klasse 2008